



PROTOKOLL

- møte i Verdsarvrådet (VAR) for Vestnorsk fjordlandskap

Stad:	Kulturhuset på Voss	Dato:	26. – 27. mars 2014
Tlf:	70 26 38 10 / 95 42 73 90	Møtetid:	Start 16:00, 26. mars Avsluttar 14:30, 27. mars

Funksjon:	Namn:	Repr:	Møtt:
Leiar:	Jan Ove Tryggestad	Ordførar Stranda kommune	Ja
Nestleiar:	Hans Erik Ringkjøb	Ordførar Voss kommune	Ja
Medlem:	Noralv Distad / Ingrid Steine Bortne	Ordførar Aurland kommune	Nei/Ja
Medlem:	Marta Finden Halset	Ordførar Vik kommune	Ja
Medlem:	Jan Geir Solheim	Ordførar Lærdal kommune	Ja
Medlem:	Bjørn Inge Ruset	Ordførar Norddal kommune	Nei
Medlem:	Jon Aasen / Willy J. Loftheim	Møre og Romsdal fylkeskommune	Nei/Ja
Medlem:	Jenny Følling /	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Nei
Medlem:	Mona Hellesnes	Hordaland fylkeskommune	Nei
Medlem:	Lodve Solholm	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Nei
Medlem:	Anne Karin Hamre / Gunnar O. Hæreid	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Nei/Ja
Medlem:	Lars Sponheim	Fylkesmannen i Hordaland	Nei
Medlem:	Olav Nord-Varhaug / Gaute Sønstebø	Miljødirektoratet	Nei/Ja
Medlem:	Trond Taugbøl	Riksantikvaren	Nei
Medlem:		Miljøverndepartementet	Nei
Bisitjarar:	Magnhild Aspevik	Lærdal kommune	Ja
	Odd Rune Turvoll	Vik kommune	Nei
	Gunnar Bergo	Voss kommune	Ja
	Liv Marit Nystad	Norddal kommune	Nei
	Per Morten Ekerhovd / Tore Bjørge	Hordaland fylkeskommune	Nei/Ja
	Arlen Synnøve Bidne	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Ja
	Geir Moen	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Ja
	Tom Dybwad	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Ja
	Kjell Kvingedal	Fylkesmannen i Hordaland	Ja
Andre:	Kristoffer Ullern-Hansen	SNO Aurland	Nei
	Kjell Hansen	SNO Geiranger	Nei
	Anbjørg Nornes	Verneområdeforvaltar Nærøyfjorden	Ja
		Verneområdeforvaltar Geiranger – Herdalen	Nei
	Leif Inge Undredal	Styreleiar Nærøyfjorden Verdsarvpark (NVP)	Ja
Sekretariat G	Katrin Blomvik	Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv (SGV)	Ja
Sekretariat N	Erling Oppheim	Nærøyfjorden Verdsarvpark. (NVP)	Ja
Gjestar:	Merete L. Rønneberg	Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv (SGV)	Ja
	Else Ragni Yttredal	Møreforsking	Ja



VERDSARV

Vestnorsk fjordlandskap

SAKSLISTE		
Sak		Semjer, konklusjonar:
01 - 14	Merknad til innkalling	Ingen merknad
02 - 14	Merknad til protokoll	Ingen merknad
03 - 14	Orienteringssaker	<p>Følgjande orienteringssaker: (korte statusar sidan sist)</p> <ul style="list-style-type: none">- Besøksforvaltningsplan VF, status v/sekretariat- Formidlingsplan, status v/Merete L. Rønneberg- Etterlysing svar frå MD på vårt skriv (interdepartementale møtet vert til hausten)- Orienteringar frå SNO Aurland- Orienteringar frå SNO Geiranger- Orienteringar frå Verneområdeforvaltarar- Orienteringar frå fylkesmennene- Orientering frå Miljødirektoratet <p>Aktuelle presentasjonar følgjer som vedlegg. Verdsarvrådet tok orienteringa til vitande.</p>
04 - 14	RSOUV – Workshop	<p>Kort orientering om initiativet og bakgrunnen for arbeidsøkta v/sekretariatet.</p> <p>Samrøystes semje: Verdsarvrådet støttar arbeidet og ber om at endelege konklusjonar for arbeidet vert presentert for Verdsarvrådet på neste møte.</p>
05 - 14	FoU strategi for Vestnorsk fjordlandskap	<p>Møreforsking v/forskar Else Ragni Yttredal orienterer om status for arbeidet med utvikling av ein FoU strategi for Vestnorsk fjordlandskap. Vedlegg i saka.</p> <p>Samrøystes semje: Verdsarvrådet støttar retninga i arbeidet så langt med utarbeiding av ein FoU strategi for Vestnorsk fjordlandskap. Framlegg til 1. generasjon FoU strategi vert lagt fram for Verdsarvrådet i oktober.</p>
06 - 14	«Twinning»-samarbeid med Glacier Bay i Alaska på fjordlandskap	<p>Sekretariat orienterer kort om mogelegheita for eit «twinning» - samarbeid med Glacier Bay (fjordlandskap) i Alaska gjennom UNESCO World Heritage Marine Programme.</p> <p>Viser videohelsing frå Glacier Bay, Alaska.</p>



VERDSARV

Vestnorsk fjordlandskap

		<p>Samrøystes semje: Verdsarvrådet støtter ei nærare utgreiing av eit tvilling – samarbeid med fjordlandskapet Glacier Bay i Alaska. Samarbeid mellom desse verdsarvområda kan gje gode synergjar, lærdom og kunnskapsbygging mellom fjordlandskapa. Rådet ber om at det vert arbeidd fram eit utkast til samarbeidsavtale mellom verdsarvstadane til neste møte i oktober og at dette vert klarert/sjekka ut med statsparten og det Marine Nettverket i regi av UNESCO. Avtalen og ei full kartlegging av innhald og forplikingar må leggast fram for endeleg avgjerse i Verdsarvrådet. Realisering av eit formelt samarbeid vil truleg tidlegast kunne skje i 2015.</p>
07 - 14	Retningslinene for Verdsarvrådet	<p>Framlegg til retningsliner vert sendt ut på ny frå sist møte, då saka vart utsett. Kommentarar / merknader frå Fylkesmennene. Drøfting.</p> <p>Verdsarvrådet er eit rådgjevande organ, leia etter konsensus – prinsippet, det er ikkje eit vedtaksorgan med tradisjonell avstemming. Verdsarvrådet er eit viktig fora for å drøfte viktige fellessaker, samordne og rapportere til UNESCO og statsparten.</p> <p>Samrøystes semje: Verdsarvrådet samla seg om endelege retningsliner for Verdsarvrådet med følgjande endringar:</p> <ul style="list-style-type: none">- Fylkesmennene skal ha ein fast plass i verdsarvrådet, som fullverdig medlem. <p>Endelege retningsliner følgjer vedlagt.</p>
08 - 14	«Verdsarven som reisemål»	<p>Presentasjonar ved:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Visit Sognefjord ved prosjektleiar Anne Randi Farnes.2. Destinasjon Voss ved informasjonsansvarleg Anne M. Hirth.3. NCE Tourism Bergen ved seniorkonsulent Randi Bårtvedt. <p>Verdsarvrådet tok orienteringane til vitande.</p>
09 - 14	Kloakkutslepp i verdsarvfjordane	<p>Sekretariat og fylkesmennene orienterer om saka.</p> <p>Samrøystes semje: Kloakkutslepp frå ferjer/båtar som opererer fast på verdsarvfjordane Geirangerfjorden og Nærøyfjorden er uakseptabelt, særskild ut i frå eit omdømmeperspektiv til verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Leing og</p>



VERDSARV

Vestnorsk fjordlandskap

		<p>sekretariat ber om eit møte om saka med følgjande partar:</p> <ul style="list-style-type: none">- Klima- og miljødepartementet, Miljødirektoratet og Sjøfartsdirektoratet.- Fjord 1 og fylkeskommunane (M&R og S&F). <p>Verdsarvrådet ber om møte med partane for å søkje å finne konstruktive løysingar i saka. Resultata frå møta vert presentert for Verdsarvrådet i oktober.</p>
10 - 14	Kulturlandskapet i Vestnorsk fjordlandskap	<p>Innleiing og status ved sekretariat/fylkesmennene. Vedlagt notat følgjer saka.</p> <p>Status:</p> <ul style="list-style-type: none">- Økonomiske rammer er for små.- Investeringstilskot og fullfinansiering av tiltaksplanen for kulturlandskapet manglar. <p>Samrøystes semje:</p> <p>Verdsarvrådet tek initiativ saman med Vega og ber om eit dialogmøte med Klima- og miljødepartementet om saka, for å finne konstruktive løysingar.</p>
11 - 14	Grøn fjord	<p>Kort orientering om statusen i satsinga sidan sist, v/sekretariat.</p> <p>Samrøystes semje:</p> <p>I tråd med vedtatt strategiplan til Verdsarvrådet bør delområda arbeide fram eit forslag til ein kortfatta handlingsplan på inntil 3 - 4 felles tiltak/prosjekt i Grøn fjord for begge fjordområda. Handlingsplanen bør presenterast på neste rådsmøte i oktober.</p> <p>Verdsarvrådet oppmodar elles alle verdsarvkommunane, fylkeskommunane og fylkesmennene til å trekkje fram sitt miljøarbeid i Grøn fjord framover.</p>
12 - 14	10 – års jubileum 2015	<p>Sekretariata ber om tilbakemeldingar på idear for korleis Vestnorsk fjordlandskap bør markere 10 – års jubileumsåret 2015.</p> <p>Drøfting og innspel til sekretariat.</p>
13 - 14	Eventuelt	<p>Leif Inge Undredal spelte inn ei sak til Verdsarvrådet under møtet med tema: Stille strengare miljøkrav i verdsarven. Saka må nærare utgreiast og vert vurdert lagt fram på neste møte.</p>
14 - 14	Avslutning / oppsummering	<p>Minner om neste møte: 1. – 2. oktober 2014, møtestad: Stranda / Norddal kommune.</p>